

Bjoa, 22. mars 2013

Det Kongelige Fiskeri- og Kystdepartement

Postboks 8118 Dep

0032 Oslo

Kommentar til høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden.

VMP-Vest Marin Produksjon AS (VMP) driv med produksjon av oppdrettstorsk, frå yngel til slaktefisk. Selskapet har to konsesjonar for torsk fordelt på to ulike lokalitar i Vindafjord Kommune. Lasvik og Svalland på Utbjoa. VMP er det einaste selskapet sør for Sognefjorden og det selskapet lengst sør i Norge som driv med oppdrett av torsk. Vi sette fyrste generasjon med torskeyngel i sjøen i mai 2005 og har fram til i dag hatt ei forsiktig men gradvis auke i produksjon. Det årlege utsettet vi har nå ligg på om lag 300.000 stk yngel.

På grunn av generasjonsskilje og brakkleggingstid har vi behov for minimum ein ekstra lokalitet i tillegg til dei to vi har i dag. Dette for å få til eit årleg utsett av yngel, samt omsynet til lang produksjonstid fram til slaktefisk. Vi hadde lokalitet på Flatholmen i Kvinnherad kommune. Denne vart inndregen etter tre år på grunn av at den ikkje vart sett i drift. Vi søkte på nytt på same lokalitet i august 2012, men fekk avslag grunna forslaget til «Hardangerfjordforskrifta».

Som torskeoppdrettar blir vi og dermed sterkt råka av Hardangerfjordforskrifta etter §5 ; **«Forbod mot tildeling av løyve eller lokalitet og melding om samlokalisering. Det skal ikkje tildelast ny akvakulturløyve eller utvidast eller klarerast lokalitetar i sjø for produksjon av matfisk og stamfisk.»**

Forskrifta er tenkt til bekjemping av lakselus-problematikken i Hardangerfjorden, og er slik vi kan forstå, tenkt til oppdrett av laks og aure (laksefisk). Vi kan ikkje sjå denne forskrifta i samanheng med oppdrett av torsk eller andre marine arter. Oppdrettstorsken er heilt fri for lakselus og evt skottelus, samt at det er heller ikkje påvist at torsken er eit eventuelt vertsdyr for lakselus.

Når ein les forskrifta kjem det etter vårt syn klart fram at dette gjeld laksefisk, men det er og enkelte plasser kun nemt «*produksjon av matfisk og stamfisk*», som då lett kan forståast som alle fiskearter i oppdrett.

Les ein formålsparagrafen, omfattar dette «..omsynet til ville bestandar av laksefisk og det langsiktige grunnlaget for utvikling i akvakulturnæringa.» Her viser ein klart til vill laksefisk, då å forstå enten i form av spreiding av lakselus kring oppdrettsanlegg og eller rømt oppdrettslaks.

Vidare i §2; «**Sakleg verkeområde** Forskrifta omfattar akvakultur med laks, aure og regnbogeare i sjø.» Her kjem det heilt klart fram kva for artar dette omhandlar. Marin fisk og eller torsk er ikkje nemt i det heile og er i så måte ikkje gjeldande av forskrifta.

Slik produksjonen er i dag med den tilveksten oppdrettstorsk har, er vi avhengige av den tredje lokaliteten for å kunne setje ut fisk kvart år. Fisken har for lang produksjonstid til at vi kan drive med kun to lokalitetar. Vi har nå nyleg fått ein tidsbegrensa dispensasjon fra Mattilsynet som tilseier at vi kan ha to generasjonar i same lokalitet (Svalland 20538). Dette er ein dispensasjon som er gjeven i påvente av ei endring om å skilje generasjonane, og for å oppretthalde brakkleggingstida når dispensasjonen går ut. Skal vi kunne imøtekomme kravet frå Mattilsynet, samstundes som vi framleis ynskjer å være ein av totalt fire torskeoppdrettarar i landet, er vi heilt avhengige av den siste avgjerande lokaliteten.

Torskeoppdrettsnæringa har dei siste åra blitt kraftig redusert; til om lag 1/10 av kva som var gjeldande i 2008. Næringa er nå nede på eit botnnivå. Til nå har det vore lite pengar å tena på torskeoppdrett, og det er i mange selskap lagt ned svært mykje eigenkapital og eigeninnsats for å redde den næringa som framleis er att. Blir det færre aktørar i næringa nå, kan det absolutt være fare for at torskeoppdrett snart er historie.

Vi forstår at vi ved å setje i gang produksjon på Flatholmen er med på å auke produksjonsmengda i Hardangerfjorden. Men vi kan ikkje forstå at vår produksjon med torsk på inntil 750t ved Flatholmen er i direkte strid med tanken bak Hardangerforskrifta. Dette då vi korkje direkte eller indirekte er med å påverka lakselusproblematikken.

Vi forstår problematikken kring villaks og lakselus. Men dette har ingen ting med torskeoppdrett å gjera. Slik forskrifta er formulert i dag, blir vi sterkt urettmessig råka med tanke på m.a. tildeling av ein ekstra, men heilt naudsynt lokalitet.

Vi ber difor om at det blir lagt til eit kapittel/avsnitt i forskrifta som tydeleg viser at forskrifta kun omhandlar oppdrett av laksefisk og ikkje marine arter i oppdrett som torsk, piggvar, kveite etc.

Vidare ber vi om at det blir spesifisert i kvart ledd av forskrifta at dette er laksefisk/oppdrettslaks og ikkje berre «fisk eller oppdrettsfisk». Dette for i framtida å hindre at anna fisk i oppdrett vert råka av forskrifta som tydeleg er meint for laksefisk.

Vi vonar tankane våre vert tekne til fylgje.

Med venleg helsing

VMP – Vest Marin Produksjon AS

Trond Ove Alvseike